



## Melding om vedtak

BERGE SAG OG TRELAST AS  
Haukelivegen 676

5582-ØLENSVÅG

**Delegert sak nr. 19/145**

Sakshandsamar	Saksnr.	Løpenr.	Gnr/Bnr	Dato
<b>SIGRIDBR</b>	<b>2019/1565</b>	<b>12790/2019</b>	<b>100/144</b>	<b>07.06.2019</b>

100/144 tomt 20 - Eitt-trinns søknad -fritidsbustad

### **Løyve til tiltak, jf. plan- og bygningslova (plb) § 20-3.**

TILTAK: Fritidsbustad  
TILTAKETS ADRESSE: Tomt 20 Botn Aust Hyttefelt, 3895 EDLAND  
EIGEDOM: Gnr. 100 Bnr. 144 i Vinje kommune  
ANSVARLEG SØKJAR: BERGE SAG OG TRELAST AS  
TILTAKSHAVAR: BERGE SAG OG TRELAST AS  
BRA (NS 3940): 1 et. 69,9m<sup>2</sup> + 2 et. 40m<sup>2</sup> = 109,9m<sup>2</sup>  
BYA (NS 3940): 101,9 m<sup>2</sup>

### **VEDTAK**

1. Bakgrunn/utgreiing av tiltaket er gjeve jf. pkt.1 med underpunkt i saksutgreiinga.
2. Ansvarsrett og godkjenning av føretak jf. pbl § 23-1 i samband med tiltaket jf. pkt. 2 med underpunkt i saksutgreiinga.
3. Søknaden vert godkjent på fylgjande vilkår jf. pkt. 3 med underpunkt i saksutgreiinga.

# SAKSUTGREIING

## 1. Bakgrunn og beskriving

Referanse:

1.1 Reguleringsplan med reguleringsføresegner, planident 20140015, Botn Aust.

Grunnlag for handsaminga:

1.3 Søknad om løyve til tiltak etter pbl § 20-3 registrert 22.05.2019. Søknaden er dokumentert i samsvar med søknadsskjema datert 20.05.2019, jf. saksmappenr. (jnr.) 2019/1565-1 med vedlegg.

1.4 Tiltaket gjeld oppføring av ny fritidsbustad. Nærare utgreiing av tiltaket er gjeve i søknadsskjema med vedlegg.

1.5 Naboar er varsla 07.05.2019.

Det er ikkje oppgjeve nabomerknadar frå ansvarleg søkar.

Det har heller ikkje kome inn nabomerknadar til Vinje kommune innan fristen.

Tiltaket er vurdert til å vera i samsvar med reguleringsplan og intensjonane i denne. Dokumentasjonen ser ut til å vera tilfredsstillande jf. pbl § 21-2.

## 2. Ansvarsrett og godkjenning

2.1 Oversikt over ansvarlege føretak som har erklæra ansvar, vedlegg nr. G - gjennomføringsplan.

*Søkar(ane) ser ut til å ha oppfylt krav til godkjenning etter SAK 10 og pbl.*

2.2 Erklæring om ansvarsrett frå føretak, vedlegg nr. G1-5.

*Søkar(ane) ser ut til å ha oppfylt krav til godkjenning etter SAK 10 og pbl.*

## Ansvar i samband med tiltaket jf. pbl § 23-4 og § 23-5

	Ansvarsbelagde område innafor prosjektering og ansvarleg søkar	Tilt. kl.	Føretak m/organisasjonsnummer		God kj.
SØK	Ansvarleg søkar	1	Berge sag og trelast AS	984046022	
PRO	Arkitektonisk utforming	1	Berge sag og trelast AS	984046022	
PRO	Plassering i plan og høgde situasjonskart	1	Berge sag og trelast AS	984046022	
PRO	Grunnforhold, vurdere bereevne	1	Hovden Hytteservice AS	979975902	
PRO	Betongarbeid med berefundament	1	Brødrene Ferkingstad ANS	995433478	
PRO	Trekonstruksjoner	1	Berge sag og trelast AS	984046022	
PRO	Utvendig sanitærinstallasjonar	1	Hovden Hytteservice AS	979975902	
PRO	Innvendige sanitærinstallasjonar	1	Karsten Bjelland AS	953697777	

SØK = Ansvarleg søkar – PRO = Ansvarleg prosjekterande S = Sentral godkjenning L = lokal godkjenning  
Ansvarleg søkar og ansvarleg prosjekterande sitt ansvar er gjeve i *Forskrift om byggesak* §12-2 og §12-3

## Ansvar i samband med tiltaket jf. pbl § 23-6

	Ansvarsbelagde område innafor utføring av tiltaket	Tilt. kl.	Foretak m/organisasjonsnummer		God kj.
UTF	Plassering, utstikking	1	Berge sag og trelast AS	984046022	
UTF	Gravearbeid	1	Hovden Hytteservice AS	979975902	
UTF	Betong med bering	1	Brødrene Ferkingstad ANS	995433478	
UTF	Tømrararbeid	1	Berge sag og trelast AS	984046022	
UTF	Vatn og avlaup	1	Hovden Hytteservice AS	979975902	
UTF	Innvendig sanitærinstallasjonar	1	Karsten Bjelland AS	953697777	
UTF	Membranarbeid	1	Murerfirma Breitve AS	976301935	
UTF	Montering pipe/eldstad	1	Murerfirma Breitve AS	976301935	

UTF = Ansvarleg utførande

S = Sentral godkjenning L = lokal godkjenning

Ansvarleg utførande sitt ansvar er gjeve i Forskrift om byggesak §12-4

### 3. Vilkår

- 3.1 Tiltaket må oppfylle tekniske rammevilkår som gjeve i pbl og forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK 17).
- 3.2 Utvendig skal ein bruke naturvenlege mørke jordfargar, ståande kraftig kledning over alt, også under vindauga og i gavlane, alternativt lafta tømmer.
- 3.3 Taktekking skal være torv.
- 3.4 Dersom hytta står på pålar må det setjast opp gjerde mellom desse, slik at ikkje sau og liknande dyr kjem under hytta.
- 3.5 Bygge- og riveavfall skal leverast godkjend avfallsdeponi. Krav til handsaming av avfall er gjeve i TEK 17, kapittel 9 og i forskrift om gjenvinning og handsaming av avfall (Avfallsforskrifta).
- 3.6 Tilknytingsavgift (eingongsavgift) for vatn og kloakk blir rekna etter gjeldande satsar i kommunen, jf. *Føresegner for vatn- og kloakkavgifter i kommunen*. I tråd med sanitærreglementet for Vinje kommune gjer ein utbygger særskilt merksam på tekniske føresegner med krav om minsteavstand frå nybygg til VA-leidningar på 4 meter, samt kravet til overhøgde på minimum 90 cm frå botnsluk til samleidning. Før tilkopling til både offentlege og private vatn- og avlaupsanlegg **skal** ein varsle avdeling for Teknisk drift og vedlikehald i Vinje kommune.  
**Der kommunen har eige overvassanlegg, skal ein knyte seg til dette.** Forsvarleg handtering av overvatn er tiltakshavars ansvar.
- 3.7 Før tiltaket vert teke i bruk må det søkast om ferdigattest eller mellombels bruksløyve jf. pbl § 21-10, SAK 10 §§ 8-1 og 8-2.
- 3.8 Om tiltaket ikkje er påbyrja innan 3 år eller vert innstilt for lengre enn 2 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort jf. pbl § 21-9.
- 3.9 Handsamingsgebyr blir rekna etter regulativ:

Løyve til tiltak – BYA større enn 80 m<sup>2</sup> : 25.190,-

*Arealgrunnlag: BRA/BYA = 109,9 m<sup>2</sup>/ 101,9 m<sup>2</sup>.*

*Jf. Gebyrregulativ 01.07.2010 (sist oppdatert 01.01.2019)for byggesakshandsaming i kommunen. Gebyret skal vera betalt innan forfallsdato. Faktura vert ettersendt.*

3.10 Areal ein skal rekna tilknytingsavgift for: BRA = 109,9 m<sup>2</sup>.

### **Orientering om renovasjonsordning og årlege kommunale avgifter vert ettersendt.**

#### **Konklusjon**

Vilkåra etter pbl § 20-3 med dokumentasjonskrav etter pbl § 21-2 ser ut til å vere i orden, slik at ein kan gjeva løyve til tiltaket i samsvar med pbl § 21-4.

Ein kan klage på vedtaket innan 3 veker i samsvar med § 1-9 i pbl. Klaga skal sendast til Vinje kommune. Sakshandsamar kan gje nærare opplysningar om klageretten.

Med helsing

**Sigrid Breiseth**

plan- og byggesakshandsamar

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Kopi sendt til Tyrvelid vassverk